



Det er solid dimensjon på den nye leidningen.

**Arbeidet med den nye overvassleidningen i Korsneset går framover. Det starta ved slutten av fjoråret, og etter pause i romjula, er arbeidet i full gang att. Det er Dimmelsvik Entreprenør som har jobben, og for tida arbeider dei lange dagar med prosjektet.**

Den nye overflatevassleidningen skal mellom anna ta unna auka vassmengder som eit resultat av utbygginga i Ospelunden. Dimmensjonen er betydeleg større enn på den gamle.

Før jul la dei leidning opp mellom eigedommane til Eidsvik og Koløy. No føregår arbeidet langs med vegen opp mot ballbingen. Vidare oppover mot hovudvegen vil den verta lagt mellom ballbingen og vegen ned i Korsnesfeltet.

Arbeidarane frå Dimmelsvik Entreprenør fortel at dei i dette området har kome i konflikt med høgspenkabelen, og ein har derfor måtta leggja denne djupare. Tilsette frå Kvinnherad Energi har naturleg nok vore involvert i dette arbeidet.

På spørsmål om når arbeidet vil vera avslutta, kan dei ikkje gje noko klart svar, men dei reknar med at det vil vera arbeid om lag ein månad framover.



Maskinar og folk i arbeid i tidlege føremiddagstimar i dag

Tekst, foto og nett: Thor Inge Døssland.